



Siggi fekk ein innhaldsrik sekk av UU ved Kristian Bringedal. Til høgre står Tove Myklebust Heggøy

Det føreligg ikkje nokon statistikk, men det er all grunn til å tru at den humørfylte bayrar Siggi (Siegfried) Klemm frå Ebermannstadt har bragt 5000 turistar frå heimtraktane sine til Uskedalen på dei 30 åra han har nytta Rabben Turistsenter som base. Difor var det i høgste grad fortent då leiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling ikveld overrekte ei gåve som markering av milepelen. Det er fyrste gong UU påskjønnar ein utlending som har gjort ein innsats til vårt beste.



Siggi likar også uskedalsfjella og ikkje berre bayerske toppar
I gåvesekken frå Hjørnevåg kunne ein finna kjøttmat

og diverse bøker og Spar var medsponsor. Det siste var igrunnen rett og rimeleg, for av dei mange vener Siggie har fått i vårt distrikt var Harald Nilsen i ein særstilling. Det understreka han i ei mimrestund etter den improviserte overrekkjinga. Dei to var på lik kanal med omsyn til humor og replikk-kunst. Til stades då gåva vart overrekket var også ein representant for vertskapet - Tove Myklebust Heggøy - og ho slutta seg fullt ut til desse spørsmåla:

* Kva hadde Rabben vore utan dei tyske turistane, den største kundegruppa?

* Kva hadde Uskedalen vore utan Rabben?

Det bør også setjast ein strek under marknadsføringa som ligg til grunn for det imponerande resultatet. Den har så å seie utelukkande gått føre seg ved munn-til-munn-metoden.

Men her har Siggie og hatt ein solid familietradisjon å byggja på. Klemm-familien har lenge livnært seg med turist-trafikk med bussar, så mange som 10 i talet, og har hatt mange ruter og mål rundt i Europa. No har det etterkvart dabba noko av fordi privatbilismen overtek meir og meir.

Men Siggie gjev ikkje opp Rabben og Uskedalen - i mai neste år er han her att!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen